



Skauo Bruksnr 9 Jørgen Bjørsvik Ingebrigtsen
Skauvegen 499
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3297 - 23/34652

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
04.05.2023

Søknad om fritak for gjødselplan - gbr 44/9 Skauge

Administrativt vedtak: Saknr: 449/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.06.2028 for GBNR 44/9, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket **Jørgen Bjørsvik Ingebrigtsen** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 44/9. Jordbruksarealet på bruket er på 14,7 daa fulldyrka mark.

Drifta er 2 vaksne hestar som har inneføring i 9 mnd og 4 høner. Hestene går 8 veker på utmarksbeite og 44 veker på innmarksbeite. Husdyrgjødsel blir spredd som tørrgjødsling på fulldyrka mark for grassproduksjon. Søkjaren brukar ikkje kunstgjødsel. Utrekning av spreieareal syner at det er 1 GDE (gjødseldyreiningar), men fråtrekk for beitepraksis gjev ein netto GDE på 0.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på fulldyrka mark					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
14,4 m3	Fast hestegjødsel	14,7	fulldyrka mark	0,9	4,95	0,9	4,5

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/3297 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Skauo Bruksnr 9 Jørgen Bjørsvik
Ingebrigtsen

Skauvegen 499

5957 MYKING

